



# Naturvernforbundet

## Buskerud

### Flå som versting?

1. april 2024

I Hallingdølen 9.3 2024 uttrykker ordfører Merethe Gandrud og varaordfører Tor Egil Buøen uro over at Flå har fått eit rykte som versting når det gjeld å bygge ned natur. Dette er urettferdig og feil hevdar dei. Ordføreren uttaler til og med at vala deira er gjort med tanke på naturen.

Det siste er vanskelig å forstå dersom ein tar seg ein tur i Turufjell eller Høgevarde. Store vegskjeringar og nedbygging av myr viser at omsynet til natur ikkje har vore høgt oppe på prioriteringslista. Det er rett at Flå har satsa stort på to felt, Høgevarde og Turufjell og har ei konsentrert utbygging i desse områda. Hovudproblemet er at desse områda stadig blir større og større. Stadig nye område blir planlagt til hytteområde. HV19 Grøun er eit område som ligg over ein kilometer frå resten av byggeområda i Høgevarde. Her, midt i eit område med myr, fjellknausar og lite vegetasjon over busksjikt, er det planar om nye hyttefelt.

Statsforvaltaren fremja motsegn mot planane i august 2023 med omsyn til villrein som grunngeving.

I februar ber Flå kommune i eit brev til Statsforvaltaren om at motsegna blir trekt. Kommunen hevdar her at det ikkje er kome inn ny kunnskap etter at arealplanen blei vedtatt i 2015.

### Auka ferdsel trugar villrein

Statsforvaltaren er ueinig i det og trekker fram fleire moment.

Ny kunnskap om villreinen viser at utbyggingsområdet ligg innafor kalving- og oppvekstområde. ( Rapport 2016) Villreinen er nå vurdert som nær trua i Norsk raudliste for artar i 2021. Klimaendringane har ført til periodar med ising noko som fører til at reinen ikkje får brukt dei vanlege vinterbeiteområda. Data frå Strava, ein app som mange bruker for å dokumentere eigen aktivitet, viser omfattande ferdsel i den sørlege delen av Norefjell. Området ved HV19 Grøun står som ein liten lomme kor det i dag er lite ferdsel.

Nye konsekvensutgreiingar viser at fortetting og stadig nye hytter har ført til auka belastning for villreinen. Det tyder på at HV19 ikkje bør byggast ut.

At området ligg nær eit verneområde med hekkande kongeørn, er også eit moment som må vurderast.

Flå har ein reserve på om lag 4000 hyttetomter og har avsett 1800 dekar til nye hytter. Flå kan ta eit steg mot å bli kvitt mykje av verstingstempelet sitt dersom kommunen skrinlegg HV19, og ikkje går i mekling for å presse det gjennom.

Naturvernforbundet i Hallingdal - Olav Arne Løstegård

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal